
Til: Hovudutval for næring

Frå: Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling

Kompetansepilot Vestland

«Kompetansepilotar» er ei ny tilskotsordning som er finansiert over Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) sitt budsjett med søknadsfrist 1. oktober 2020. Kompetanse Norge forvaltar ordninga og det var fylkeskommunane som kunne søke om tilskot. Vestland fylkeskommune har søkt og fått innvilga støtte til sitt prosjekt.

Målet med ordninga:

- Målet med ordninga er å identifisere og mobilisere verksemders behov for kompetansehevande tiltak, samt kople og leggje til rette for eit tilpassa etter- og vidareutdanningstilbod i Distrikts-Noreg
- Prosjekta skal bidra til å utvikle og prøve ut nye måtar og modellar for å nå dette målet, samt støtte fylkeskommunane si strategiske rolle og ansvar for regional kompetansepolitikk.

Prosjekta skal rettast mot ein eller fleire av følgjande:

- a) Delregion(ar) internt i eit fylke med overvekt av distriktskommunar på SSB sentralitetsnivå 5 og 6.
- b) Ei klyngje, verdikjede eller bransje med overvekt av verksemder i sone 5 og 6, som ikkje nødvendigvis har en samanhengande geografi.
- c) Område med særeigne utfordringar, som regionar med små arbeidsmarknader, lågt utdanningsnivå, lang avstand til studiestad, og/eller stor mismatch mellom tilbod og etterspurnad.

Finansiering

Det vert gjeve tilskot frå KMD i 2020 på inntil 1,4 millionar kroner per fylke, og begrensa til maksimalt 70 prosent av prosjektkostnadene. Tilskotet er planlagt til om lag 1,5 millionar kroner per fylke i 2021 og 2022. Det vert teke etterhald om Stortingets årlege budsjettbevilgning for ordninga.

Fylkeskommunal medfinansiering kan omfatte bruk av eigne tilsette, ressursar, møter og liknande. I tillegg kan bidrag frå andre aktørar reknast inn som medfinansiering. I Vestland sin pilot vert medfinansieringa på 30 % i form av eigne tilsette fordelt på dei tre samarbeidspartnarane i prosjektet.

Vestland fylkeskommune har vald alternativ a) og vil gjennomføre prosjektet i Nordfjord.

Kompetansepiloten for Vestland er eit samarbeidsprosjekt mellom Vestland fylkeskommune, Nordfjordakademiet og Fagskulen i Sogn og fjordane.

Nordfjordakademiet er ein organisasjon som arbeider med å legge til rette eit grunnlag for god kommunikasjon mellom skular, næringsliv og kommunar slik at ein på lengre sikt kan framsette Nordfjordregionen som ein attraktiv bu- og bli-destinasjon. Med tid vil tiltaket syte for rekruttering av unge tilbake til Nordfjord, auka kompetanse blant ungdomen når det gjeld val av yrke, samt tettare samarbeid på tvers av kommune grensene. Dette er noko som på sikt vil vere med på å sikre eit berekraftig næringsliv for regionen.

Nordfjordakademiet vart etablert i mars 2020 med ein dagleg leiar. Nordfjordakademiet skal vere prosjektleiar for Kompetansepilot Vestland og det skal lysast ut ein prosjektstilling i prosjektet, som skal ligge til Nordfjordakademiet.

Fagskulen Sogn og Fjordane ha ei sentral rolle i arbeidet og er viktig når det kjem til analyse av dagens tilbod samt mobilisering av nye tilbod som skal svare på behovet hjå næringslivet. Vestlandfylkeskommune er prosjekt-ansvarleg og prosjekteigar.

Formålet med prosjektet vert å kartlegge behovet for kompetansehevande tiltak i næringslivet hjå SMB i heile regionen og deretter utarbeide modellar og metodar for tilrettelegging og mobilisering av tilpassa etter- og vidareutdanningstilbod i Nordfjord. Målgruppa er primært alle SMB i Nordfjord. Ambisjonen er å utvikle ein modell for dette arbeidet som på sikt kan nyttast i heile fylket.

Prosjektorganisering/ ansvarsforhold:

PROSJEKTEIGAR Vestland Fylkeskommune Bård Sandal, Fylkesdirektør for næring og innovasjon.		
Prosjektleiar Tonje Bjerkana, dagleg leiar Nordfjordakademiet	Del-prosjektleiar Reidar Grønli Rector Fagskulen Sogn og Fjordane	Prosjektansvarleg Kristin Iversen, seniorrådgjevar, Avdeling Innovasjon og Næringsutvikling Vestland Fylkeskommune
Samarbeidspartnerar	Styregruppe	Tilleggs resursar
Næringsorganisasjonar i Nordfjord Skular/ Utdanningsinstitusjonar Nordfjord Opplæringskontor Folkeuniversitetet (Reidar Brandsberg) Inviro - Nordfjords virtuelle campus Måløy Maritime Ressurssenter Nordfjordrådet, Beredskapteamet Nordfjord	Rolf Årdal Område leder kompetanseopplæring i Nordfjord Vestland Fylkeskommune Kathrin Jakobsen Nordfjord Opplæringskontor Tom-Øyvind Solheim Stryn Næringsamskipnad Anita Vinsrygg Vendantor As Harold Wieldraijer Sparebanken Vest Arild Bødal Eid Elektro Dagleg Leiar Brødrene Aa HR Ansvarleg	Kompetanse Norge Fagleg rådgivar NAV Nordfjord

Prosjektplan:

Hovudaktivitetar som skal gjennomførast:

- HA 01 - oppstart av prosjekt Kompetansepilot gjennom planlegging, koordinering, oppfølging, kommunikasjon og aktivitetsplan
- HA 02 - utarbeide detaljert plan for analyse av regionalt næringsliv og utdanningstilbod
- HA 03 - beslutning - utvikling av strategiar for å nå målet
- HA 04 - handling - gjennomføre prosjektplan
- HA 05 - utvikle plan for kompetansehevande tilbod, plan for mobilisering av tilbod og utvikling av rapport

Alle fylkeskommunane i landet deltek i prosjektet Kompetansepilot. Det er etablert eit nasjonalt nettverk for prosjektet som skal fungere som ein arena for læring og utveksling av erfaringar.

KMD planlegg ei følgjeevaluering av prosjektet.